



Utval: KOMMUNALUTVALET

Møtedato: 18.11.2003

Møtestad: Åseral Rådhus, formannskapssalen, Frå kl. 9:30 Til kl. 14:00

Til stades på møtet

Medlemar:

Jørgen Åsland, Betsy Folkvord, Margot Handeland, Åsmund Forgard og Bjarne Haugstad. Inger Lise Lund Stulien (NITO) og Jan Frøysland (Fagforbundet) i sakene 03/0135 og 03/0136.

Varamedlemar:

Ingen.

Andre:

økonomisjef Karl Bjørnar Ballestad
ass. rådmann Ronny Olsen
rådmann Rune Stokke

Saker:

03/0135 (ADM), 03/0136 (ADM), 03/0137, 03/0138, 03/0139, 03/0140, 03/0141, 03/0142, 03/0143, 03/0144, 03/0145 og 03/0146 (TILLEGGSSAK)

Merknader til sakliste/innkalling:


Ingen.

Underteikna stadfester med si underskrift at møteboka er ført i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Sign: Ronny Olsen

Sign: Rol

Saksnr	Innhold	Åpent/Lukka møte
PS 03/0135	ADM Søknad om å halde fram i arbeid etter fylte 69 år - Tordis Forgard	L
PS 03/0136	ADM Tilsetjing av reinhaldar	L
PS 03/0137	Godkjenning av møteboka frå 28.10.03	Å
PS 03/0138	Melding	Å
PS 03/0139	Søknad om tilskot frå ymse organisasjonar o.l.	Å
PS 03/0140	Søknad om driftshytte - 25/1, Kjønnesstøl - Edvard Smeland	Å
PS 03/0141	Ny Plan og bygningslov - uttale til lovforslag	Å
PS 03/0142	Søknad om deling av eigedomen - 11/25, Fiskårdalen - Kari L. Thorsland	Å
PS 03/0143	Søknad om deling av grunneigedom - 16/4, Hamkoll - Kristine Haddeland	Å
PS 03/0144	Økonomiplan 2004-2007, budsjett 2004.	Å
PS 03/0145	Eventuelt	Å
PS 03/0146	Høring - søknad om fornyelse av konsesjon til å inneha og drive Åseral helikopterplass, Ljosland Fjellstove. TILLEGGSSAK	Å

Sign: 



NY PLAN OG BYGNINGSLOV - UTTALE TIL LOVFORSLAG

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
03/0141	Kommunalutvalet	18.11.03

Framlegg til vedtak:

Åseral kommune har følgjande merknad til forslag til ny Plan og bygningslov :

Lovforslaget vil medverka til ein enklare og betre føreseieleg planprosess på lokalt og regionalt nivå. Skal ein realisera intensjonane i lovforslaget er det naudsynt at det vert fremma som eit samla forslag.

Lovforslaget vil stilla nye krav til kommunane sin kompetanse og kapasitet i planlegginga. Dette må følgjast opp ved at kommunane vert gitt økonomiske rammer som gjer det mogleg å oppfylla intensjonane i forslaget.

Handsaming i Kommunalutvalet - 18.11.2003:

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunalutvalet - 18.11.2003:

Åseral kommune har følgjande merknad til forslag til ny Plan og bygningslov :

Lovforslaget vil medverka til ein enklare og betre føreseieleg planprosess på lokalt og regionalt nivå. Skal ein realisera intensjonane i lovforslaget er det naudsynt at det vert fremma som eit samla forslag.

Lovforslaget vil stilla nye krav til kommunane sin kompetanse og kapasitet i planlegginga. Dette må følgjast opp ved at kommunane vert gitt økonomiske rammer som gjer det mogleg å oppfylla intensjonane i forslaget.

Trykte vedlegg

Vedlegg:

- 1 Sammen drag av forslag til ny plandel av Plan og bygningsloven
- 2 Lovtekst

Sign: 

Bakgrunn

Planlovutvalet har lagt frem forslag til ny plandel av plan- og bygningslova.

Planlovutvalet sitt forslag erstatter kapittel I til og med VII-a i dagens lov, frå § 1 til og med § 33-12. Planlovutvalet fremmer også forslag til nye overgangsbestemmelser og noen forslag til endring i andre lover, dagens kapittel XX og XXI. Forholdet til særlovgiving har vært eit vesentlig tema i drøftingane.

Planlovutvalet sin innstilling er presentert i NOU nr. 2003:14.

Etter at lovforslaget vart sett frem, vart det sett ned ein regional redaksjonskomite. Formålet var å utarbeide eit samandrag av planforslaget (vedlegg 1), samt gjere ei vurdering av forslaget frå planlovutvalet. Saksframstillinga byggjar i all hovudsak på dette arbeidet.

Vurdering

Sakshandsamar meiner lovforslaget vil vera eit godt grunnlag for å utvikle planlegginga vidare, i takt med samfunnet sitt krav til god planlegging. For å ivareta intensjonane med lovforslaget, er det naudsynt at det vert fremma som eit samla forslag.

Lovforslaget styrkar Plan og bygningslova sin rolle som samordningslov, både i forhold til sektorane, og mellom forvaltningsnivå. Kommunen sin moglegheit til å bestemma over utviklinga av eigne områder vert vurdert som styrka. Ein grunnleggjend dette med at Plan og bygningslova er gitt ein meir sentral rolle i forhold til sektorlovgivinga.


Det er foreslått at fylkesplan for arealbruk, på same måte som arealdelen til kommuneplanen, skal kunne gjerast rettsleg bindande gjennom statleg godkjenning. Det vil vera dei same bestemmelser om innhald og rettsverknad som for arealdelen i kommuneplanen. Sakshandsamar ser at dette vil kunne avgrensa kommunen sin råderett over eigna områder. Samstundes ser ein og at det kan medverka til ryddigare og meir føreseieleg planprosess, ved at fylkeskommunen i større grad må konkretisera og avgrensa sin regionale arealinteresse.

Lovforslaget er blitt meir omfangsrikt og har fått meir karakter av å vera ein rettleiar o god planlegging, med klare reglar og rammer for prosess og samarbeid. Dette vil stille nye krav til kommunen sin kompetanse og kapasitet for planlegging. Samstundes er kommunen sin fridom til å avgrensa planlegginga til eget behov styrka. Lovforslaget er gjort meir fleksibelt slik at det i større grad vert opp til kommunane å prioritera dei planoppgåvene kommunen dei meiner er viktigast.

Konklusjon

Lovforslaget vil medverka til ein enklare og betre føreseieleg planprosess på lokalt og regionalt nivå. Skal ein realisera intensjonane i lovforslaget er det naudsynt at det vert fremma som eit samla forslag.

Lovforslaget vil stilla nye krav til kommunane sin kompetanse og kapasitet i planlegginga. Dette må følgjast opp ved at kommunane vert gitt økonomiske rammer som gjer det mogleg å oppfylla intensjonane i forslaget.

Sign: 

Kopi til:

Arkiv

Miljøverndepartementet

Jørn Haug

Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Avd. for drift og utvikling,

Sign: 